




Forvaltningsplan for Havrå - utvalt kulturlandskap i jordbruket

Høyringsframlegg mars 2023



Månad//2023/rapportnr

"Merk og sett inn logo"

"Merk og sett inn logo"

"Merk og sett inn logo"

Utvalde kulturlandskap

Månad/2023

ISBN/ISSN: [ISBN/ISSN]

Utvalgtekulturlandskap.no

Foto framside: Solveig Kalvø Roald

Ansvarleg utgivar: Osterøy kommune

Bidragstytar: Statsforvaltaren i Vestland

Innholdsliste

1. Innleiing	4
Utvalde kulturlandskap i jordbruket	4
Om forvaltningsplanen	5
2. Forvaltning	5
Eigedomsstruktur og grunneigarar	5
Områdestatus og forvaltningsansvar	7
3. Aktuelle tiltak og bruk av skjøtselsplanen	7
4. Områdeskildring	8
Historisk bruk og driftsformar	10
Dagens bruk og driftsformar	10
Biologiske verdiar	12
Kulturhistoriske verdiar	12
Kulturmiljøfreding	12
Freda bygningar	13
Automatisk freda kulturminne	13
Andre kulturminne	13
Heilskap og samanheng	13
Kontinuitet og tidsdjupne	14
Representativitet og særpreg	14
Formidlingsverdiar	15
Fotodokumentasjon	15
5. utfordringar	15
6. Visjonar og mål	16
7. Lovverk – status og tiltak	17
Kommuneplan for Osterøy kommune	17
Overordna kommunale retningslinjer for SMIL-ordninga	17
Kulturminnelova og forskrift om freding	17
Naturmangfaldlova	19
Anna lovverk	20
8. Kjelder	21
9. Vedlegg	22
Vedlegg 1: Eigar- og arealopplysningar	22

1. Innleiing

Denne forvaltningsplanen gjeld Havrå som utvald kulturlandskap, og byggjer i stor grad på dokumentet *Skjøtsel av kulturlandskapet på Havrå; Framlegg til skjøtselstiltak i Forvaltningsplan for Havrå*, heretter omtala som «skjøtelsesplanen for Havrå», som er utarbeidd av Sogn Naturforvaltning v/ Siri W. Bøthun og Morten Clemetsen (fig. 1).



Figur 1 Framsida av skjøtelsesplanen, utarbeidd av Sogn Naturforvaltning AS

Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Havrå vart formelt innlemma i ordninga «Utvalde kulturlandskap i jordbruket» (UKL) i 2018.



Figur 2 Det utvalde kulturlandskapet Havrå har eigen logo.

UKL-satsinga er ei oppfølging av nasjonale mål om å vareta kulturlandskapet. Dette er eit samarbeid og spleiselag mellom landbruks- og miljøstyresmaktene. Dei utvalde områda

omfattar kulturlandskap i jordbruket med både svært store biologiske og kulturhistoriske verdier som det er realistisk å halde ved like på lang sikt.

I perioden 2009 – 2017 var 22 utvalde område med i utvalet. I 2017-2020 vart satsinga utvida til å gjelde 46 område over heile landet. Fleire område vart innlemma i perioden 2020 – 2023.

Av 51 utvalde område i heile landet er sju område i Vestland med i satsinga slik stoda er i 2023. Dette er UKL Grinde og Engjasete i Sogndal kommune, UKL Stadlandet i Stad kommune, UKL Ormelid i Luster kommune, UKL Lærdal i Lærdal kommune, UKL Gjuvslandslia i Kvinnherad kommune, UKL Ullensvang i Ullensvang kommune og UKL Havrå i Osterøy kommune.

Om forvaltningsplanen

Osterøy kommune har forvaltningsansvar for Havrå som utvalt kulturlandskap i jordbruket. Som del av dette ansvaret skal kommunen lage forvaltningsplan for området (<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/miljo-og-klima/jordbrukets-kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket/hvem-har-ansvar-for-hva>). Statsforvaltaren i Vestland ved landbruksavdelinga har hjelpt Osterøy kommune med skriving av forvaltningsplanen.

Planen har vore på høyring blant grunneigarar og drivarar, til Vestland fylkeskommune og til Statsforvaltaren si miljøavdeling i perioden 27. mars til 17. april 2023. Planen vart òg gjennomgått og drøfta på møte i UKL-gruppa 17. april.

Forvaltningsplanen er eit dokument som, saman med andre planar, legg til rette for langsiktig forvaltning av kulturlandskapsverdiane i området i samband med ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Dette kan vere planar som forvaltningsplan for freding etter kulturminnelova, skjøtsels-, restaurerings- og tiltaksplanar.

Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande, og planarbeidet er ikkje lagt opp etter plan- og bygningslova. Forvaltninga er basert på frivillig deltaking frå grunneigarar og brukarar. Dersom verdiane som skal varetakast går tapt eller vert reduserte, kan det føre til at området mister sin status som "utvalt kulturlandskap i jordbruket".

Statsforvaltaren vil oppmode Osterøy kommune om å nytte forvaltningsplanen som eit retningsgjevande grunnlag for arealforvaltninga i området og innarbeide UKL-statusen som del av omsynssona på Havrå i arealdelen når gjeldande kommuneplan skal rullerast etter 2023 (sjå meir om dette i kap. 7).

2. Forvaltning

Eigedomsstruktur og grunneigarar

Havrå har hatt i alt 9 sjølvstendige bruk. I dag er det seks eigarar til desse ni bruka (68/1-9). Bruksnumre som er høgare enn 9 gjeld mindre teigar eller tomter / hytte etter frådeling og

sal (68/12, 15, 18, 21, 22)

Garden er først kjend frå skriftlege kjelder i 1303, og var tidleg på 1600-talet delt i fire bruk. Seint i same århundre var talet bruk auka til åtte. I tidsrommet 1840–1906 var det ni bruk på garden.

Historikken bak eigarforholda og namna på dei ni hovudbruka er skildra i Havråboka: 50-51, med desse namna;

Bruk 1 – Nilsajorda (kjøpt av bruk 4 etter 1906)

Bruk 2 – Larsajorda

Bruk 3 – Simojorda

Bruk 4 – Semensjorda

Bruk 5 – Norejorda

Bruk 6 – Guleksjorda

Bruk 7 – Olsajorda

Bruk 8 – Andersjorda

Bruk 9 – Smålandsjorda

Eigarskapet er i dag delt mellom private grunneigarar, Stiftelsen Havråtunet og Museumssenteret i Hordaland.

Stiftinga Havråtunet vart etablert i 1973 etter at mykje av bygningsmassen forfell på 1970-talet. Formålet med stiftinga, som var samansett av representantar for grunneigarane, kommunen, den gong Hordaland fylkeskommune, Osterøy museum og Fortidsminneforeningen, var å ta vare på tunet og kulturlandskapet. I 1988 kom det i stand ei avtale om samarbeid med Osterøy museum. I 2004 vart både Havråtunet og Osterøy museum underlagt Museumssenteret i Hordaland (MUHO), som del av konsolideringsprosessen i norsk museumsvesen på 2000-talet. Senteret har det overordna ansvaret for drift av Norsk Trikotasjemuseum i Salhus, Lyngheisenteret på Lygra i Nordhordland, Osterøy museum og Havråtunet (Bergen byarkiv). Sjå meir om utviklinga av Stiftinga Havråtunet på side 34 i skjøtselsplanen.

Det er private grunneigarar på 6 (?) av bruka på garden Havrå (vedlegg 1). I tillegg er det fleire eigarar knytt til naustområdet på Blom.

Stiftinga Havråtunet eig Larsabruket (bruk 2) og Guleksbruket (bruk 6). Stiftinga eig òg Torpahuset på Blom. MUHO eig bruk 18 (Gjertinhuset) og kårbustaden bygd i 1932, utskilt frå bruk 6. I tillegg har MUHO forvaltningsansvar for delar av bygningsmassen til bruk 1 og 4 (Semensbruket) (er dette ei paktaravtale?).

Eit område i Havderdalen er fellesareal og festa av Havrådalen beitelag.

Forslag: INN MED ILLUSTRASJON AV GAMAL TEIGBLANDING – Kva kart bør brukast?

Osterøy kommune: Synest Nibio sine gardskart er gode. Meiner desse er best eigna då ein her får fram areal storleik og markslaget på dei ulike teigane. Karta er og greie å bruke ved søknad om tilskot til tiltak på dei ulike teigane. Er usikker på om teigane her er i samsvar med gamle teigblandingane på Havrå. Dette kan nok Museumssenteret svare betre på.

Av kartet under (fig. x) går det fram korleis den gamle teigblandinga framleis er den gjeldande eigedomsstrukturen på Havrå.

Figur x Egedomskart over Havrå med grenseinndeling etter bruksnummer

Grunneigarane har rettar og plikt på eige grunn. På Havrå ligg alle eigedomane tett samanblanda, slik at tiltak ofte gir konsekvensar for andre grunneigarar. Dette gjer at informasjonsutveksling og samarbeid er viktige tema, jf. skjøtselsplanen kap. 5.5.

Der det er felles eigarskap eller uavklarte eigartilhøve kan ingen setje i verk tiltak utan at dette er avklart med dei andre partane, sjølv om tiltaket samsvarar med råd i skjøtselsplanen. For sameige (gjeld i hovudsak Markjæ, dels i Slåttna og dessutan i tunet) bør det gjerast felles vedtak eller avtalar i tråd med sameigelova slik at gjennomføring av tiltak ikkje vert stogga av usemje undervegs. Skogteigane i Markjæ er døme på uavklarte rettar. Privatrettslege tilhøve må bli avklart mellom grunneigarar.

Områdestatus og forvaltningsansvar

Havrå har status som utvalt kulturlandskap i jordbruket og er freda etter kulturminnelova §§ 15 og 20. I området er det òg lokalitetar som har status som utvalt naturtype jf. naturmangfaldlova § 8. Slik status utløyser kvar for seg eit særskilt forvaltningsansvar for ulike organ.

Forvaltningsmynde for Havrå som utvalt kulturlandskap i jordbruket er Osterøy kommune. Det er etablert ei samarbeidsgruppe med representantar frå Museumssenteret i Hordaland og private grunneigarar, Vestland fylkeskommune, Osterøy kommune og Statsforvaltaren i Vestland. UKL-gruppa er eit forum som samlar dei sentrale aktørane i UKL-området, og som kan drøfte og tilrå prioriteringar i høve skjøtselstiltak der heile garden kan sjåast som ei heilskapleg eining. Gruppa har vedteke eit årshjul med sentrale møtepunkt for grunneigarane, UKL-gruppa og forvaltninga, og viktige datoar i «forvaltningsåret» som t.d. utlysing av tilskotsmidlar og søknadsfristar (sjå vedlegg 1).

Vestland fylkeskommune har forvaltningsansvar for saker som gjeld freding etter kulturminnelova, medan Statsforvaltaren i Vestland har ansvar for saker som gjeld utvalde naturtypar.

3. Aktuelle tiltak og bruk av skjøtselsplanen

Det vart i perioden 2019 – 2022 utarbeida ein omfattande skjøtselsplan for Havrå. Skjøtselsplanen inneheld samandrag av viktig bakgrunnskunnskap som er naudsynt for å kunne peike på prioriteringar og tilrådingar om tiltak. Føresetnadane for å nå måla med skjøtselen er gjeve plass i rapporten, då også når det gjeld samhandling og organisering.

Ein viktig del av skjøtselsplanen er kap. 8, tiltaksplanen med prioriterte skjøtselstiltak knytt til seks driftsområde. Her vert særskilt viktige moment for kvart område trekt fram med tilrådde tiltak og prinsipp for skjøtsel.

Arbeidet vart gjennomført av Sogn Naturforvaltning AS v/ biolog og landskapsforvaltar Siri Wølneberg Bøthun i samarbeid med landskapsarkitekt MNLA, professor Morten Clemetsen på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland/Statsforvaltaren i Vestland (SFVL). Prosjektansvarlege frå SFVL var Øyvind Vatshelle (landbruksavdelinga) og Solveig Kalvø Roald (miljøavdelinga). Referansegruppa bestod av Ole Vegard Skauge frå Vestland fylkeskommune og Lars Johan Fjelde i Osterøy kommune. Museumssenteret Hordaland si Havrå-avdeling med dagleg leiar Marit Adelsten Jensen med tilsette, og private grunneigarar medverka med innspel og kunnskap under arbeidet med skjøtselsplanen.

I skjøtselsplanen er det vist til at Hordaland fylkeskommune i perioden 2004 til 2007 utarbeidde ein forvaltningsplan for kulturmiljøet Havrå. Det blir òg vist til at ein ny og meir omfattande forvaltningsplan har vore under arbeid i lengre tid, der føringar for skjøtsel av landskapet skulle inngå som del av planen. Skjøtselsplanen frå 2022 vil no vere rettleiande for drivarane og alle ledd i forvaltninga, og eit dokumentet som dekker behovet for detaljerte føringar for skjøtsel i heile området. Det er såleis viktig at både Statsforvaltaren si miljøavdeling, Vestland fylkeskommune og Osterøy kommune nyttar skjøtselsplanen som førande for sine vedtak enten det gjeld tilskot til truga naturtypar, tilskot til freda kulturminne i privat eige eller tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket. Skjøtselsplanen bør nyttast som kunnskapsgrunnlag av dei ulike forvaltningsorgana når dei skal prioritere og sette vilkår for sine tildelingar.

Skjøtselsplanen peikar også på dette på s. 37, og utdjuvar prinsippa for bruken av planen i samband med vedtak og vilkår;

«Oppfølging frå vernestyresmakt og andre offentlege forvaltingsorgan er svært viktig, og ein føresetnad for at tilskotsordningane skal fungere etter formålet. Dette er og viktig for å styrke samhaldet på garden, og unngå at konflikhtar oppstår av di eigarane føler dei lyt passe på kvarandre. Alle må vite at styresmaktene fylgjer opp sine vedtak og fører tilsyn innanfor sine ansvarsområde.

...


Tilskot må tildelast med vilkår. Styresmakta skal setje fram kva vilkår som gjeld for tiltaket som har fått midlar. Forvaltingsstyresmakta kan her nytte skjøtselsplanen som rettesnor, men det er ikkje nok å syne til planen generelt, utan å spesifisere i tilsegnsbrevet kva for omsyn som skal takast.

...

Der det er trong for avvegingar mellom omsyn til kulturminne og biomangfald i kulturlandskapet, bør omsyn til kulturmiljøet vektleggjast ettersom det er kulturmiljøet som er freda ved vedtak etter lov. I dei fleste tilfella vil tiltak som fremjar kulturlandskapet også fremje biologisk mangfald.».


4. Områdeskildring

Havrå ligg på Osterøy i Osterøy kommune, i landskapsregion Ytre fjordbygder på Vestlandet, og i jordbruksregion Fjordbygdene på Vestlandet.




Figur 3 Oversiktskart over Osterøy med skravur som viser lokaliseringa av UKL Havrå. Kjelde: Fylkesatlas

Havrå som UKL-område utgjer eit 2076 dekar stort område som inkluderer heile garden i form av innmark og utmark. Området er identisk med området som er freda etter kulturminnelova, men UKL-området inkluderer i tillegg naustområdet Blommastø på nabogarden Blom og vegen mellom Havrå og Blommastø (sjå karta i figurane under).



Figur 4 Avgrensing av område freda etter kulturminnelova. Kjelde: Fylkesatlas



Figur 5 Avgrensing av UKL-området. Her ligg vegen til Blom og naustområdet, Blommastø, inne som del av avgrensinga. Kjelde: Fylkesatlas

Ein utførleg skildring av landskapet ligg i skjøtelsesplanen, kap. 6.

Historisk bruk og driftsformar

Den historiske bruken og drifta av garden har gjennom lange tider følgt eit årshjul og ein rytme, som m.a. er godt dokumentert gjennom *Havråfilmen* (<https://www.youtube.com/watch?v=GyPVvBOVFKY>), Havråboka og skjøtelsesplanen kap 6.2.

Oppgåvene dreia seg i hovudsak om

- Åkerdrift, særleg korn og potet
- Slått i innmark og utmark
- Vedhogst, Sanking av emne, lauv til fôr og brakje til kledning mm.
- Dyrestell og beitebruk
- Slakting og matforedling
- Handverk i form av tillaging av reiskap og tekstilproduksjon
- Vedlikehald og reperasjon av bygningar, infrastruktur, veiter, hesjer mm.

Heile landskapet vart nytta som ressurs i denne driftsforma.

Dagens bruk og driftsformar

Museumssenteret i Hordaland og private grunneigarar skjøttar store delar av garden Havrå, med ulike typar drift og innsats. I tillegg blir det leigd inn både arbeidshjelp og beitedyr.

Museumssenteret disponerer tre bruk, der Stiftinga Havråtunet eig to, bruk, og det er ei forpaktaravtale for eitt bruk. I tillegg skjøttar dei noko innmark etter eigen avtale på ytterlegare eit bruk. Formidling av museale verdiar og ivaretaking av desse blir høgt prioritert. Det er eit fokus på «Havrå som kulturbiologisk system»; korleis menneske i samspel med omgjevnadane har klart å overleve på stadeigne ressursar gjennom tusenar av år. Museumssenteret har difor for mange område og arbeidsoppgåver i form av «museal drift», der ein nyttar gamle driftsteknikkar i praksis, basert på handlingsboren kunnskap. I andre tilfelle, og for store areal, nyttar ein meir moderne skjøtselsmetodar for å nå andre mål på meir effektiv måte.

Museumssenteret utfører mange av oppgåvene som følgjer det tradisjonelle årshjulet for garden, med den skjøtselen det gir av landskap og varetaking av kunnskap. Dette gjeld til dømes dyrehald med beiting, slått, høytørking til eige vinterfôr basert på faste hesjer, tradisjonell åkerdrift med korn og potet, tresking og maling av korn, lauving, slakting, vedhogst og reparasjon av heimelaga reiskap. I tillegg kjem større oppgåver med vedlikehald og restaurering av hus, kulturminne i landskapet, sikringstiltak og restaureringsrydding av attgrodde areal. Museet arrangerer òg omvisningar på tunet og i landskapet.

Dei private eigarane til tre bruk (i alt fire bruksnummer) er sjølve aktive og utfører skjøtselstiltak. Dei har overteke ein arv dei ønskjer å ta vare på for eigen del, for slektsledd som kjem, men òg for samfunnet. Grunneigarane vedlikeheld og nyttar bygningar, og står for drift på store delar av arealet. Delvis leigar dei òg inn folk til hjelp i arbeidet. Slått og mykje restaureringsrydding av attgrodd areal er blant dei årlege arbeidsoppgåvene. Inntil nyleg har ein av grunneigarane òg stått for dyrehald og beiting. I tillegg kjem større restaureringsprosjekt av ulike kulturminne, til dømes uthus og bakkemurar. Fleire private eigarar har òg engasjement for formidling av den tradisjonelle drifta, historia og verdiane på staden. Dei private eigarane nyttar mykje tid på Havrå, og legg ned mykje arbeid på garden og i landskapet. Skjøtselsarbeidet som er naudsynt for at areala skal framstå som stelte er tidkrevjande. For dei blir Havrå ein stad å bruke fritida, som bustad i periodar og ein plass der ein òg skal ha vanleg moderne daglegliv med noko privatliv.

Eit par område blir beita med beitedyr frå eksterne bønder som ledd i den tradisjonelle skjøtselen av kulturlandskapet. På 1970 -talet vart eit areal i Haverdalen på i alt 376 daa leigd ut til 6 gardsbruk på Osterøy for «moderne drift» med fôrdyrking og som storfefeite. Havrådalen beitelag vart skipa og det vart dyrka om lag 260 daa av arealet til fulldyrka jord. Leigetakarane leverte mjølk frå fjøset som vart bygd. I dag er det 5 gardsbruk som nyttar arealet til beiting. 2 av desse driv framleis med mjølkeproduksjon og levere mjølk frå fjøset.

Ein del restaureringsoppgåver og skjøtselsoppgåver er det uavklart kven som har rett eller plikt til å utføre. Fleire utfordringar i skjøtselen blir ikkje løyst gjennom den daglege drifta. Stort forfall, endra drift og endra klima gir nye utfordringar.

Trass i denne omfattande innsatsen frå ulike partar, er det berre delar av landskapet som er i bruk samanlikna med den historiske bruken.

Biologiske verdier

Havrå har store biologiske verdier som m.a. er grundig skildra i skjøtelsesplanen, pkt. 6.1.4. Her vert det vist til seks naturtypelokalitetar innanfor området (Bøthun og Clemetsen 2022). Dette er;

- 8 enger registrert som naturbeitemark
- 17 enger registrert som slåttemark
- 140 store gamle tre av alm eller ask

Desse seminaturlege naturtypene er forma av lang tids jordbruksdrift. Slåttemark er truga og har status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Naturbeitemark er semi-naturleg eng, som er vurdert som sårbar (VU) i raudlista for naturtypar, medan mange av dei gamle store trea har raudlista lav eller sopp som veks på trestamma. Det er registrert 11 ulike raudlista artar på Havrå. I tillegg til beitemarkssopp, samt lav og sopp på gamle tre, er alm og ask truga på grunn av tresjukdomar.

Kap. 6 i skjøtelsesplanen tek føre seg verdiane i landskapet, m.a. knytt til biologisk mangfald.

Skjøtelsesplanen tek føre seg skjøtelsesmetodar for ulike typar areal, og peikar òg på prioriterte skjøtselstiltak knytt til dei seks driftsområda 1) Bødn under vegen, 2). Bødn over vegen, 3) Udgjerdet, 4) Bergjet, 5) Slåttna og 6) Markjæ.

Kulturhistoriske verdier

Heile garden på ca. 2000 dekar areal vart freda i 1998, med heimel i kulturminnelova (Kml) §§ 15 og 20. Freding etter § 20 betyr at området som heilskap er å rekne som eit freda kulturmiljø. Dei kulturhistoriske verdiane er skildra i skjøtelsesplanen, men kan samanfattast slik;

Kulturmiljøfreding

Det freda området etter § 20 (freding av kulturmiljø) femnar om gbnr. 68/1-17 i Osterøy kommune og dekker eit areal på om lag 2000 dekar. Jf. forskrifta om freding er føremålet med fredinga «å ta vare på og sikre eit nasjonalt kulturhistorisk og arkitektonisk eineståande fjordgardsanlegg, slik Havrå står fram med eit heilskapleg vestnorsk klyngetun med tilliggjande landbrukslandskap, og der jorda aldri har vore undergitt eit samla jordskifte. Målet er å ta vare på dette kulturmiljøet som ein historisk referanse og ei kjelde til kunnskap og forskning om levkår og driftsform knytt til det førindustrielle landbruket med tilhøyrande binæringar, og å sikra opplevingsverdien av Havrå med innmark og utmark.»

Formålsparagrafen i verneforskrifta nemner eksplisitt kulturmiljøet som kjelde til kunnskap og forskning om levkår og driftsform. Skjøtelsesplanen har som delmål å medverke til å ta vare på kunnskapen om korleis kulturlandskapet er forma og oppretthalde gjennom tidene (Bøthun og Clemetsen: 19). Likevel er det slik at denne typen handboren og immateriell kunnskap berre kan takast vare på gjennom praktisk arbeid og bruk av reiskap slik mellom anna MUHO gjer gjennom si drift.

Freda bygningar

Alle dei 50 bygningane på Havrå er freda etter kulturminnelova § 15. Norestova, det felles tørkehuset på bruk 7/8/9, smalhuset på Andersbruket (8) og skykkja på Smålandsbruket (9) er freda både utvendig og innvendig, mens dei andre bygningane berre er freda utvendig. Informasjon om dei enkelt bygningane sin funksjon og alder ligg tilgjengeleg for alle i Kulturminnesøk (www.kulturminnesok.no) Meir detaljert informasjon ligg i kulturminnedatabasen, *Askeladden*, for forvaltninga.

Forvaltningssplanen for Havrå som kulturmiljø 2004 – 2007 inneheld m.a. føringar for tiltak på bygningane, og kva tiltak som krev særskilt løyve.

Automatisk freda kulturminne

To ståande bygningar er automatisk freda grunna datering til før 1649, jf. Kml § 4. Dette gjeld Gulliksbue frå 1200-talet og Tørkehuset ved Bekkjen.

Andre automatisk freda kulturminne innanfor avgrensinga av UKL-området er:

- Askeladden ID 246689 – ødeåker i lia ovanfor Steinsetra – førreformatorisk tid
- Askeladden ID 246687 – åkerrein på Steinsetra - vikingtid
- Askeladden ID 246683 – åkerrein på Meland – eldre bronsealder
- Askeladden ID 246668 – dyrkinsspør vest for tunet – eldre bronsealder
- Askeladden ID 246688 – Storhellaren med funnførande kulturlag – yngre steinalder

Karakteren til desse kulturminna tilseier at det er stort potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne i området.

Dei automatisk freda kulturminne er òg omtalte i skjøtelsplanen, kap. 6.1.3. Informasjon om kvart av kulturminna ligg tilgjengeleg for alle i Kulturminnesøk (www.kulturminnesok.no). Meir detaljert informasjon ligg i kulturminnedatabasen, *Askeladden*, for forvaltninga.

Andre kulturminne

Som det òg står i skjøtelsplanen er det registrert ei rekke kulturminne knytt til infrastruktur og landbruk i UKL-området. Dette er kulturminne som stiar og vegar, vegmurar, trapper og helleleggingar, stikkveiter, klopper og bruer, le og grinder, kaier og båtfeste, merkesteinar, strengefester for løypestrenger, steingardar, bakkemurer, faste hesjer, veiter inklusive holveiter (underjordiske) og levande kulturminne i form av styvingstre.

I hovudoppgåva *Havrå - en kulturlandskapsanalyse* av Kari Hope frå 1992 er det laga ei detaljert oversikt over kulturminna i området, med kartfesting. Mykje av dette er referert til i skjøtelsplanen, kap. 6.1.3.

Heilskap og samanheng

Heilskapen i området vert godt oppsummert i skjøtelsplanen (Bøthun og Clemetsen: 57); «Kvar for seg har bygningsmasse, reiskapar, kulturmarkstyper og kulturlandskapselement som steingardar og la, ein verdi i seg sjølv. Den største verdien i Havrå er likevel heilskapen, der alt dette heng uløysleg i saman, og der sjølve arbeidet og kunnskapen om dette er ein vesentleg del. Det er

her me kan lære korleis menneske, i samspel med sine omgjevnadar har klart å overleve på stadeigne ressursar gjennom tusener av år.».

Dei ulike driftsområda på Havrå gir eit godt heilskapleg inntrykk av ein historisk fjordgard. Mens ein gard i dag gjerne har slåttemark, beite og utmark, ser ein at Havrå har fleire typar areal og drift. Innmarka/Bødn var viktig åkerland, med slått, styvingstre, frukt og bær i tillegg. Bødn måtte bli utvida på 17-1800-talet, med det som no er Udgerdet. I Bergjet var haustingsskogen den viktigaste ressursen, i Slåttna var det utslåtter og i Markjæ var det utmark med brakje og beiteressursar. Ein får framleis få godt inntrykk av dette i dagens landskap og drift.

Viktige samanhengar i landskapet handlar elles om rørslemønster i form av vegar og annan infrastruktur. Gjennomgangsvegane har vore viktige både internt for brukarane og for reisande. At vegane gjekk innom gardstunet har vore naturleg heilt fram til bilen vart dominerande framkomstmiddel. I dag syner infrastrukturen samanhengen mellom driftsområda, her spelar løypestrengene og ein viktig rolle.

Elva (Elvæ) er óg eit viktig landskapselement som både skapar skilje mellom vestsida og austsida, som samstundes bind saman områda over og under fylkesvegen. Elva har og vore ein viktig felles ressurs for drift av dei einskilde bruka sine kverner.» (Bøthun og Clemetsen: 43-44).

Samanhengar i landskapet handlar om både visuelle, funksjonelle og historiske eigenskapar. Landskapet på Havrå er historieforteljande, der det immaterielle, dvs. kunnskapen om korleis landskapet fungerte og korleis elementa vart bruk, spelar ei særleg stor rolle. Nokre plassar vil det visuelle inntrykket underbygge dette. Andre plassar vert den historisk heilskapen broten av moderne inngrep, forfall eller attgroing.

Kontinuitet og tidsdjupne

Som følgje av at Havrå ikkje har gått gjennom den same moderniseringa som elles i landbruket, er både bygningane, kulturlandskapet, kunnskapen og tradisjonane representantar for lang kontinuitet og tidsdjupne. Skjøtselsplanen viser til omgrepet «*Havrå som kulturbiologisk system*», og korleis dette systemet vart utvikla allereie i overgangsperioden mellom yngre steinalder og eldre bronsealder på dei eldste vestlandsgardane.

Arkeologisk undersøkingar og pollenanalyse har vist at delar av området vart rydda ved hjelp av brann i yngre steinalder, og at det i overgangen til bronsealder, ca. 2045-1815 f.Kr., kom ein nedgang i almpollen som kan ha samheng med hausting av lauv (Bøthun og Clemetsen 2022: 57). Denne typen menneskeleg påverknad har skapt dei naturtypen vi finn på Havrå i dag. Samstundes veit vi at desse naturtypene er avhengige av den same menneskelege påverknaden for å blir haldne i hevd.

Representativitet og særpreg

Havrå er representant for klyngetun og teigblandingssystemet slik den typiske vestlandsgarden såg ut før utskiftinga. Tunet er blant dei siste og best bevarte klyngetuna på Vestlandet, og står såleis ei særstilling i vår tid. Det er unikt med ein så stor gard med nærast intakt teigblanding.

Havrå representerer ikkje berre det før-industrielle landbruket, men og det før-mekaniserte. Terrenget er bratt og utforma slik at det er tilpassa drift med handmakt. Havrå er slik sett unik, heile den praktiske organiseringa av landskapet ber synleg preg av dette.

Formidlingsverdier

"Kontinuiteten gjennom fleire hundre år gjer også at ei vandring på garden har sær stor *pedagogisk verdi* med læringsutbytte for alle besøkande.» (Bøthun og Clemetsen: 44).

Det er store formidlingsverdier på Havrå. Eit hovudmoment er korleis det førindustrielle landbruket syner att både i tunforma og i det heilskaplege samspelet mellom tun, innmark og utmark på garden. I tillegg til å gje framlegg og prioriteringar til skjøtsel og restaurering, tek skjøtelsplanen òg opp formidling som tema. Planen gir innspel til formidling av kulturlandskapsverdiane.

Fotodokumentasjon

I skjøtelsplanen er det gjort framlegg om å etablere ein kunnskapsdatabase med alle kjelder. Blant dei kjeldene som er føreslått å inngå i ein slik database er foto. Dette betyr at det per i dag ikkje finst god nok oversikt over kva fotodokumentasjon som finst for området. MUHO har lenke på si nettside til foto frå Havrå på Digitalt museum der det ligg 135 historisk foto frå området (<https://muho.no/havra>).

Som del av ordninga *Utvaldte kulturlandskap i jordbruket* vert det gjennomført sokalla refotografering i områda, der det vert lagt vekt på å fange opp landskapsendringar gjennom å samanlikne gamle og nye fotografi. Refotograferinga blir gjennomført av landskapsgeograf Oskar Puschmann, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO).

Riksantikvaren har etablert ei eiga nettside for endringsfoto på vegner av Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren (det nasjonale sekretariatet for UKL-ordninga); <https://ukl.ra.no/>.

Det vil truleg blir gjennomført slik fotografering på Havrå i løpet av dei neste åra.

5. utfordringar

Noko av det unike med Havrå, som også skaper sine eigne utfordringar, er at garden har både privat og offentleg eige. Garden vert halden i hevd av aktørar med ulik motivasjon og ulike innfallsvinklar, kunnskapsgrunnlag, erfaring og ressursar. Dei ulike relasjonane og identitetskjenslene folk har til garden, må bli rekna med i skjøtels- og restaureringsarbeidet. Det er viktig å utvikle ein felles forståing for kva tillempingar i drift og vedlikehald som kan vere tenlege, også for å unngå kjensla av å ikkje strekke til i arbeidet.

Tema som i skjøtelsplanen kap. 5 blir omtalt som føresetnadar for å nå skjøtelsmåla er:

- Dialog og samarbeid: blanding av privat og offentleg eige stiller store krav til dialog og samarbeid. Stiftinga Havråtunet har ikkje lenger funksjon som samarbeidsplattform og overbyggjande paraply.
- Besøksstyring og formidling: dei mange unike verdiane bør blir betre kjent for eksterne, samstundes som dagleglivet skal fungerer og ein må unngå slitasje, jf. òg kap. 10
- Semje om rettar og pliktar knytt til framferd i tunet, semje om tiltak på felles areal, skogrettar i Markjæ m.m. jf. òg kap 7.15

- Oppfølging frå vernestyresmakt og andre offentlege forvaltingsorgan (med vedtak, vilkår, tilsyn, dialog, synfaring mm.) er ein føresetnad for at tilskotsordningane skal fungere etter formålet.

Det er òg nokre særlege utfordringar i gjennomføring av landskapsskjøtselen, som kjem fram i kap. 7 i skjøtselsplanen, mellom anna:

1. Skogrydding: Transport av trevirke og plassering av hogstavfall
2. Husdyrhald med egne og innleigde dyr; tid og stad for beiting med kva type dyr, gjødselhandtering
3. Problemartar og framande artar
4. Åkerbruk utan å skape problem knytt til ugras, erosjon og kulturminne
5. Brakje (einer): å fornye og ha tilgang til brakje frå Markjæ som bygningsmateriale, og å bruke denne
6. Hjorteskade: behov for å redusere hjortestamma
7. Styring av vatn for å unngå skade: drenering, veiter, bekker og Elvæ
8. Ressurstilgang; økonomi, arbeidskraft og prioriteringar. Val av skjøtselsmetode bør bli differensiert ut frå om viktige mål er ivaretaking av immateriell kulturarv, naturmangfald eller landskapskarakter og estetikk.

6. Visjonar og mål

Havrå står i ei særstilling når det gjeld kulturlandskapsverdiar i form av naturtypar og kulturminne. UKL-statusen til området er positivt for å medverke til å knyte aktørane i landskapet saman, både tverrfagleg i forvaltning, forskning og blant drivarane, men og sosialt.

Visjonen er at UKL Havrå skal vere eit område der tradisjonelle driftsmetodar vert teke vare på, og synleggjort for ålmenta. Målet er at verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap kulturminne og kulturmiljø vert sikra med langsiktig skjøtsel og drift (N.B! Her er det ønskjeleg med innspel frå UKL-gruppa).

Forvaltningsmål for området:

- Hovudmål:
Å ta vare på- og auke verdiane i kulturlandskapet som ein vesentleg del av kulturmiljøet Havrå, gjennom skjøtsels- og restaureringstiltak og gjennom drift av innmarks- og utmarksareal.
- Delmål:
 - Å ta vare på kunnskapen om korleis kulturlandskapet er forma og vert oppretthalde gjennom årsløpet, i tråd med UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv som Norge ratifiserte i 2007.
 - Bevaring og auke av naturmangfaldet innan for det freda gardsanlegget.
 - Andre mål?


7. Lowerk – status og tiltak

Forvaltningsplanen dannar grunnlaget for varetaking og utvikling av området både på kort og lang sikt. Det langsiktige perspektivet er viktig i høve til statlege mål om å sikre dei nasjonalt utvalde kulturlandskapa for framtida. I tillegg treng grunneigarane og brukarane føreseielege rammer på lang sikt, i høve til sine prioriteringar og satsingar.

Kommuneplan for Osterøy kommune

Arealdelen av kommuneplanen for Osterøy kommune gjeld for perioden 2011 - 2023. I planen har området Havråtunet med bygningar og kulturlandskap status som bandlagt etter lov om kulturminne, H730_83.

Av planføresegnene framgår det at det i omsynssonene er freda kulturminne. I tillegg seier føresegnene følgjande: «Det er ikkje tillate å gjer inngrep eller tiltak som har eller kan ha ein negativ innverknad på kulturminna. Alle tiltak i sona skal leggast fram for Hordaland fylkeskommune og avklarast i henhold til kulturminnelova. Førre-vår prinsippet skal leggast til grunn.»



Figur 6 Utsnitt frå plankart for Osterøy kommune sin kommuneplan - arealdelen. Havrå er merkt med firkantskravur som «omsynssone bandlegging Kulturminne», H730_83 Kjelde: Osterøy kommune

Overordna kommunale retningslinjer for SMIL-ordninga

Osterøy kommune er i ferd med å utarbeide nye retningslinjer for spesielle miljøtiltak i jordbruket som skal gjelde frå 2023.

Kulturminnelova og forskrift om freding

I medhald av kulturminnelova av 9. juni 1978 nr. 50 §§ 15 og 20 jf. §§ 15A – 18 og 21 vart det gjort vedtak om freding av Havrå som kulturmiljø ved kongeleg resolusjon 4. desember 1998

(Forskrift om fredning av Havrå som kulturmiljø, Osterøy kommune, Hordaland). Det freda området femnar om gbnr. 68/1-17 i Osterøy kommune og dekker eit areal på om lag 2000 dekar (sjå fig. 1 for kart over det freda område).

Jf. forskrifta om fredning er føremålet med fredinga «å ta vare på og sikre eit nasjonalt kulturhistorisk og arkitektonisk eineståande fjordgardsanlegg, slik Havrå står fram med eit heilskapleg vestnorsk klyngetun med tilliggjande landbrukslandskap, og der jorda aldri har vore undergitt eit samla jordskifte. Målet er å ta vare på dette kulturmiljøet som ein historisk referanse og ei kjelde til kunnskap og forskning om levkår og driftsform knytt til det førindustrielle landbruket med tilhøyrande binæringar, og å sikra opplevingsverdien av Havrå med innmark og utmark.»

Forskrifta slår òg fast kva reglar som gjeld for kulturmiljøet som er freda etter § 20;

«

1. I det freda området må det ikkje utan særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta iverksettjast tiltak eller bruksendringar som kan endre eller innverke på kulturhistoriske, arkitektoniske eller landskapsmessige verdiar eller på annan måte motverke føremålet med fredinga.
Døme på slike tiltak er:
Oppføring av bygningar, tilbygg, anlegg, brakker, gjerde og andre faste innretningar, oppstilling av campingvogner, ny belysning og belegning, heil eller delvis riving av bygningar og bygging av andre tekniske anlegg, murar og gjerde, bygging eller utviding av vegar eller parkeringsplassar, nye landbruksvegar, bakkeplanering, uttak og oppfylling av masse og andre inngrep i landskapet, drenering og anna form for tørrlegging, fjerning, tildekking eller flytting av kulturminne, skogplanting, juletreplanting og pyntegrønt, og avfallsdeponering. Det kan heller ikkje frådelast eller bortfestast grunn til verksemd som kan medføre slike inngrep. Opplistinga er ikkje uttømmmande.
2. På bygningar og andre kulturminne er det ikkje tillate å endre ytre detaljar, fargar og materialar.
3. Motorferdsel utanfor eksisterande offentleg og privat veg og parkeringsplassar er ikkje tillate, sjå likevel føresegna i kap V nr 5 og VI nr 5.
4. Organisert verksemd og ferdsel som ikkje følgjer eksisterande vegar og stiar er ikkje tillate. Dette gjeld ikkje grunneigar/rettshavar/gardsstyrar sin ferdsel.»

Forskrifta angir unntak frå desse reglane for t.d. istandsetjing og vvedlikheald av bygningar og andre kulturminne, tradisjonell drift av inn- og utmark og bruk av maskinelt utstyr som t.d. motorsag og slåttareiskap (sjå fullstendig liste i forskrifta; <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1998-12-04-1188>)

Følgjande eigedomar har enkeltbygningar freda etter kulturminnelova § 15 innanfor området:

1. Felles tørkehus, gnr. 68, bnr. 7, 8 og 9 (bygning 25 på tunplan).
2. Saue-/geiteflor (utløe), gnr. 68, bnr. 8 (bygning 27 på tunplan).
3. Saue-/geiteflor (utløe), gnr. 68, bnr. 9 (bygning 28 på tunplan).
4. Norestova, gnr. 68, bnr. 5 (bygning 14 på tunplan).

Jf. forskrifta gjeld følgjande reglar for desse:

«For dei enkelte bygningane innanfor kulturmiljøet som er freda etter § 15 må det ikkje utan særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta iverksettjast tiltak eller bruksendringar som kan endre eller innverke på bygningane sin kulturhistoriske eller arkitektoniske verdi eller på annan måte motverke føremålet med fredinga. For dei freda bygningane gjeld og kulturminnelova §§ 15a – 18.»


Dette er ikkje til hinder for vanleg vedlikehald, og Vestland fylkeskommune kan gje løyve til tiltak som går ut over vanleg vedlikehald så lenge dette ikkje er i strid med føremålet med fredinga.

Naturmangfaldlova

I følgje skjøtselsplanen for Havrå er det registrert seks naturtypelokalitetar innanfor UKL-området (jfr. DN-handbok 13, justert etter naturtypesystemet NiN (Jordal, 2018)).

Dei registrerte naturtypane er;

- 8 enger registrert som naturbeitemark
- 17 enger registrert som slåttemark
- 140 store gamle tre av alm eller ask



Figur 7 Kart over registrerte naturtyper på Havrå. Kjelde; Skjøtelsplan for Havrå, Sogn Naturforvaltning AS.

Naturtypene og deira status etter naturmangfoldlova er nærare omtalt i skjøtelsplanen i kapitlet om biologisk mangfold.

Anna lovverk

I tillegg til kulturminnelova og naturmangfoldlova inneheld skjøtelsplanen ei oversikt over alt lovverk som regulerer skjøtselstiltak i området. Oversikten gjeld følgjande lovverk;

- Lov om matproduksjon og mattryggleik
- Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (Forvaltingslova)
- Lov om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag (motorferdsellova)
- Lov om vassdrag og grunnvann (Vassressurslova)
- Lov om jord (Jordlova),
- Lov om sameige (sameigelova)
- Lov om dyrevelferd (Dyrevelferdslova)
- Forskrift om velferd for småfe
- Lov om ymse beitespørsmål (Beitelova)

- Lov om avgrensning i retten til å sleppa hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite (Hanndyrlova)
- Lova om grannegjerde (Gjerdelova)
- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- Lov om jakt og fangst (viltlova)
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskriften)
- Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon (Forskrift om felling av skadegjerande vilt)
- Lov om friluftslivet (friluftsløva)

8. Kjelder

Bergen byarkiv. <https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/13997425>

Bøthun, S. W. og Clemetsen, M. 2022. *Skjøtsel av kulturlandskapet på Havrå; Framlegg til skjøtselstiltak i Forvaltningsplan for Havrå*. Sogn Naturforvaltning, rapport 2022-1.

Lovdata. Lovdata.no

Museumssenteret i Hordaland. *Samlingsplan 2021 – 2023*.

Museumssenteret i Hordaland si nettside. <https://muho.no/havra>

9. Vedlegg


Vedlegg 1: Eigar- og arealopplysningar

Karta syner teigane, areal, og eigartilhøve på dei ulike bruka. Karta som er nytta er NIBIO sine gardskart.

68/1. 68/4. 68/6.

Eigar: Olav Torp. 1/1

Matrikelnummer	68/1	68/4	68/16	
Tal teiger	7	18	1	
Fulldyrka jord	0,5	0,0	0,0	0,5
Overflatedyrka jord	1,9	3,8	0,0	5,7
Innmarksbeite	1,9	10,1	1,3	13,3
Produktiv skog	613,1	13,4	0,0	626,5
Anna markslag	626	0,0	0,0	626,0
Bebyggd, samf., vann, bre	4,1	0,1	0,0	4,2
Ikke klassifisert	0,0	0,0	0,0	0,0
Areal i dekar	1247,7	27,4	1,3	1276,4




68/1/1.

Fellesareal.

F.nr. Havrådalen beitelag


Matrikkelnummer	68/1/1
Tal teiger	1
Fulldyrka jord	262,3
Overflatedyrka jord	6,4
Innmarksbeite	82,7
Produktiv skog	10,0
Anna markslag	9,6
Bebyggd, samf., vann, bre	5,2
Ikke klassifisert	0,0
Areal i dekar	376



68/2. 68/4. 68/6.

Eigar: Havråtunet Stiftinga 1/1

Matrikelnummer	68/2	68/6	68/13	Sum daa
Tal teiger	22	20	2	
Fulldyrka jord	0,0	0,0	0,0	0,0
Overflatedyrka jord	6,5	8,0	0,8	15,3
Innmarksbeite	7,9	11,7	0,0	19,6
Produktiv skog	27,9	27,5	2,4	60,8
Anna markslag	2,6	1,0	0,2	3,8
Bebygd, samf.,vann, bre	0,2	0,3	0,0	0,5
Ikke klassifisert	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum areal i dekar	45,1	48,5	3,4	97,0



68/3

Eigar: Frode Kjærland 1/1.


Matrikelnummer	68/3
Tal teiger	18
Fulldyrka jord	0,0
Overflatedyrka jord	4,8
Innmarksbeite	7,5
Produktiv skog	27,0
Anna markslag	0,8
Bebygd, samf., vann, bre	0,8
Ikke klassifisert	0,0
Areal i dekar	40,9



68/5. 68/12.

68/5.Eigar: I alt 8 tinglyste eigarar.

Matrikkelnummer	68/5	68/12	sum daa
Tal teiger	7	18	
Fulldyrka jord	0,0	0,0	0,0
Overflatedyrka jord	1,4	0,1	1,5
Innmarksbeite	2,3	3,7	6,0
Produktiv skog	7,5	3,9	11,4
Anna markslag	0,1	0,7	0,8
Ikke klassifisert	0,0	0,0	0,0
Areal i dekar	11,3	8,4	19,7



68/8.

Eigar: Annbjørg Haga

Matrikkelnummer	68/8
Tal teiger	24
Fulldyrka jord	0,0
Overflatedyrka jord	5,7
Innmarksbeite	8,7
Produktiv skog	34,5
Anna markslag	1,0
Bebyggd,samf.vann.bre	0,5
Areal i dekar	50,4

